



Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

Att: Olje- og energiminister Terje Riis-Johansen

Dykkar ref	Vår ref (oppgje ved svar)	Arkivopplysningar	Dato
	11/1021	11/105-4 / / S10 /	31.01.2011

El-sertifikat - større kraftverk

Det vert vist til uttale frå Gloppen formannskap av 20. januar 2011 om overgangsordning for innføring av el-sertifikat på småkraftverk, såkalla grøne sertifikat.

Det er foreslått at ordninga trer i kraft frå 01.01.2012. I lovframlegget er det lagt inn overgangsordning for kraftverk med installasjon på inn til 1 MVA bygd etter 01.01. 2004.

I Gloppen kommune er det bygd mange private småkraftverk dei seinare åra. I kommunen vår ligg også Byrkjelo Kraft AS sitt kraftverk som vart sett i drift 26.08 2007. Bygdekraftverket er eit reint elvekraftverk som utnyttar eit fall på 137 m i Myklebustdalselva. Installert effekt er på 12,8 MVA. Årleg produksjon er i snitt berekna til 61,5 GWh. Gloppen kommune har ein eigardel på 3,8 prosent. Resten av eigarskapen er fordelt på 25 grunneigarar i Byrkjelo-området. Grunneigarane har berekna at 89 prosent av overskotet frå kraftverket vert skattlagt i 2010.

Med installert effekt på 12,8 MVA kjem kraftverket over grensa for kome med i ordning med el-sertifikat. For å betre lønsemda for eit grunneigareigd kraftverk som etter små naturinngrep produserer rein, fornybar vasskraft, ber ein frå Gloppen kommune om at også større kraftverk enn før foreslått, kan kome med i ordninga med grøne sertifikat.

Med helsing

Anders Ryssdal
ordfører
tlf. 57 88 38 51

Kopi til:

Byrkjelo Kraft AS

v/Atle Støyva

6826

BYRKJELO